

LIV I VINJE

Bygdebrev nr 13

TIL AÆLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS 2018



Jolemiddag

Fjorårets jolemiddag på Vinjar var eit matgilde som må opplevast, med kilo vis av pinnekjøtt, sprøsteikt svor, mandel i riskremen og ein knall blid dugnads gjeng.

Nå er årets jolemiddag straks rundt hjørnet og du kan koma!

10.desember.2018 Kl 16:30

100kr per person og 200kr for familie



3 dag jol 2017 var det joletrefest

Det var tri gode ringar rundt joletreet, god stemning, konkuransar med blanda lag der vinnarlysta var stor. Nissen kom med gåver til ungene.



Joletrefest på Vinjar 2018

Det blir tradisjonell joletrefest med gang rundt joletreet 3. dag jol på Vinjar. Me startar kl 17.00 og er ferdige kl 19.00. kanskje kjem nissen... Dersom alle tek med litt småkaker og drikke kan me fordele det rundt på borda. Inngang: kr.50,- for vaksne, born gratis. Alle er hjarteleg velkomne!



Vardebrenning på Veggsfjødd

I fjor var det vardetenning for fred på Veggsfjødd. Takk til dei 14 som møtte opp til ein triveleg skitur, gløgg og bål prat.

I år håpar me på enda større oppmøte. Anders Sandvik og Øystein Romtveit har teke på seg ansvaret som vegvisar og gløggkokarar

Detta er ein løgleg tur der du har god tid til dresse deg opp før H.M. Kongens nyttårstale

Ber alle om å ta med litt tørr ved til varden. Oppmøte 31.des.2018 kl16.00 ved Byrtevegskilje. Ta med ski og hovudlykt. Oppfordras til vardebrenning andre stadar i krinsen



DET HANDLAR OM Å BRY SEG!

Det var ei sterk markering for trafikktryggleik på Vinjar 11.03.2018 Det var eit sort folkemøte med påfølgjande fakkeltog til Vinje kyrkje og avsluttande messe.



E 134 er ein av landets viktigaste vegar. 7 mil av vegen går gjennom Vinje. Vinteren er ein ekstra utsett for ulukker langs stamvegen. Det var eit møte med innsatspersonell, politi, brann, ambulanse, Psyko-sosialt kriseteam, bilbergar, brøytarar og andre folk som har oppgåver knytt til vegen. Dette er folk som gjer ein stor innsats for berge liv langs vegen. Kyrkja i Vinje, bygdeutviklingsprosjektet «Liv i Vinje» og Vinje kommune samt redningsetatar og andre som har med vegen å gjere, sto bak dette arrangementet.

Paafonndagen: 25.mars i år va det nok sno, noko som ikkje var å oppdrive året før. Det vart ein stemning til å ta og føle på. Reine folkefesten vart det på Attistogjorde. Perfekte preparerte løyper av Vinje løypelag som var på nivå med nasjonale standarar. Vinjebryggjeri stod for matsal. Mange hadde lagt mykje arbeid ned i kostymer og det vanka premiar både til liten og stor.

Etter paafonn på Mjonøy med sal av pizza og drikke. Ca.30-40 møtte opp og det vart og ein liten quiz.



Byttedag 28.april: Styret stod for servering, Kari Rustbeggard hadde laga svelerøre, som me steikte på takker.

Oppmøtet var bra og alle kosa seg. Det var mange som ville bytte/selje varer.





17.Mai

Det blei dekt til 97, og kom ca 80. mat bordet bogna i år med. Is og leikar ute unge som gamle kosa seg i fin været. Håkon Nordstoga og Jon Sandvik spela trommer i toget. Det var veldig bra. Bra med folk i kyrkja var det også.





Jonsok

Ca 75 små og store feira jonsok med bål og friske vindkast så myggen uteblei.

Takk for strålende familiesamling på U-en. Ein god ettermiddagsøkt med grilling, gode røur, ballspel, tautrekking, hesteskokast, ringspel, bading, is, godteri og natursti var skikkeleg triveleg.



LjosiVinje

Kåvsåi og Bøgrend Ljosverk

Kven som fyrst hadde tanken om eit ljósverk i Bøgrend er ikkje kjendt, men truleg var det fyrste ljósverksmøte halde i 1914.

Tarjei Åkre skreiv i boka si: »Eit liv i strev og glede» at det var 12 luteigarar som møtte fram. Arbeidet med ljósverket starta truleg i 1917.

For å få ei jamn vassføring måtte Våmarvatn regulerast. To setesdølar bygde dam i osen. Det vart håndbora og skoten ut ei grøft på omlag ein og ein halv meter. Dette var sjølv sagt eit tungt arbeid sidan skotsteinen måtte lyftast opp med handmakt. Dammen vart bygd ein halv meter opp slik at reguleringshøgda var to meter.

For denne reguleringa måtte ljósverket betale ei årleg avgift til oppsitjarane på Våmartveit.

Litt nedanfor Århus bygde dei ljósverket. Her var det bygd ein låg dam med ei rist av jernstenger slik at ikkje kvist og kvast skulle tette seg i turbinrøret. Det vart støypt golv og mur under huset som var tømra oppå.

To danskar skaffa maskin og installera rundt om i gardane. Det var ljós i heimane og det vart skaffa motor til vedkapping, dreiestolen, treskeverk og kvenner.

Ein ljósare og lettare kvardag for dei som var så heldige å ha fengje straum!

Etter det me har lese, stod ljósverket ferdig i 1918 og hadde då kosta Bøgrend 60 000,-. Det vil med dette seia at det er 100 års jubileum i år og då passar det vel med ei markering!

Sidan det ikkje står nokon oppstartsdato, brukar me ein time på Svartjoleftan til å tenne ei ekstra ljospære!

Kjelde: «Eit liv i strev og glede» av Tarjei Åkre

Aasmund Olavson Vinje

GODTFOLK!

Det var Aasmund si helsing til folk når han heldt taler.

Aasmund livde frå 6.april 1818 – 30.juli 1870, og blei altså berre 52 år gamal. Det er i år 200 år sidan Torbjørg sette Aasmund til verden, Olav blei far att og fireåringen Margit fekk ein veslebror. Familien flutte inn i Vinjestoga då den stod klar i 1824. I 1844 flutte Aasmund ut or Vinje, og var berre heim att i nokre stuttare periodar etter det. Storesyster Margit var den seiste av den familien som budde i Vinjestoga. Ho flutte ut or Vinje hausten 1866. Vinjestoga blei museum frå omlag år 1900, og fleire tykke gjestebøkar der syner at det har vore interesse for Aasmund, historien om han og Vinjestoga i alle år etterpå.

Vinjestoga er snart 200 år den òg, - og har skrike etter vedlikehald i mange år. Men tenk- ho stod der nyrestaurert, fin og klar til storinnrykk under jubileumsfeiringa av Aasmund 6.-8.april i år, takka vera Vinje kommune, Vest Telemark Musèum, flinke snikkarar og gode hjelparar! Og frå i år er det Nynorsk kultursentrum, Vinjesenteret ved leiar Kristian W Rantala som har drifta av Vinjestoga. Fotoet her tok eg på sjølvaste 200-årsdagen av Aasmund den 6.april i år, og det syner den nyoppstelte Vinjestoga, og med buret som òg er frå Aasmund si tid.



Ja, i år har me feira denne gromguten, både her i Vinje og mange stader i Noregs land og rike. I Vinjestoga har det derfor vore eit særskilt år med lengre opningssesong og med omvising både i jubileumshelga, under Litteraturdagane og på Verdiseminaret. Der har vore 984 betalande gjester og i tillegg har mange fleire vore oppom.

Dølen var Aasmund O Vinje si eiga avis, og var den fyrste avisa på Landsmaal (nynorsk). Han gjorde der ein enorm innsats for at vi skal ha eit skriftspråk som er grunnfesta i det norske og ikkje i det danske. Han streva for å halde avisa i gang og møtte mykje motgang, men han var svært stolt av avisa si og heldt på så lenge han orka. Fyrste utgåva kom i oktober 1858- og seiste utgåva kom nokre få dagar før han døydde i Gran på Hadeland 30.juli 1870.

Medan eg skriv dette kom det i Dagsnytt (Aasmund sitt ord) at Språkrådet har tildelt Vinje kommune Nynorskprisen for 2018. Vel fortent, og tenk om Aasmund hadde visst det!

I Dølen nr 10, 26.des 1858 står det eit fint joleidikt med 9 vers. Her er fyrste og seiste verset:

JOLEVISE

*Os er i dag ein Frelsar fødd,
so syngjes no forutan Liki,
for Tunga er af Elden glødd,
som straalar ned fraa Himlens Riki.
Det Sjæl og Hjarta verma kan,
at syngja om ein Frelsar mann.*

*Af Livets Godt er Joli betst,
daa kòmen er Guds Fred paa Jordi,
hver Ferdamann er boden gjest,
af Herrens Gaavur bogna Bordi.
Eg gjev som du til Bro`r min Mit
for Himlen gav det betste Sit.*

Mange takk for eit godt Vinjeår!

Med ynskje om **ei god jolehelg og godt nyttår** frå Anne T Romtveit, omvisar i Vinjestoga

Kva som skjer i krinsen her!

STYRET I LIV I VINJE

Styre har møte fyrste måndagen i månaden. Styret er det same som året før. Åsne Midtun, Kari Rustbeggard, Knut Eknes, Anita Bekhus, Torun Tvet, Aslaug Kostveit, og Anders Sandvik. Me tek gjerne imot forslag og gode idear frå dykk. Styret vil også takke for all god dugnadsinnsats i bygda!!

Det vert årsmøte måndag 28.januar kl17.30 rett etter måndagsmiddagen. Set av datoen.

Måndagsmiddagane

Me har begynt med vipps! Det er ei dugnadsgruppe minder enn dei tidlegare åra men med eit par færre middagar gjeng det opp. Fortsatt er det godt oppmøte. Me oppmodar deg til å melde seg som middagslagar, eller avløysing som kan rydde og ta oppvasken. Vis alle hjelper å rydde av alt på bordet du sit på, slik me er vane med å gjera heime blir det endå enklare!



VINJE BARNETEATER

Den seiste framsyninga var Gubben på Sokkelen. Det var eit stykke i høve A.O.Vinjes 200 årsjubileum. Og her var det altså born som var både A.O.Vinje, Myllaren, Eivind Ålandsli, Storegut , Anne og Olav og ikkje minst ordførar Kleven, ass. rådmann, Sandvik og Ragnvald Christenson. Borna dansa og song i tillegg framførte dei tekstar av dikteren. Dei har hatt førestillingar på Vinjehuset, Vinjar og Granvin kulturhus. Under leing av Aasmund Nordstoga, Ellen Nordstoga og Vaida Lamsodis, Robertas Lamsodis



VINJE LØYPELAG

Vinje løypelag køyrer skiløyper mellom Bøgrend, Våmartveit og Kostveit – om lag 30km. All køyring blir gjort på dugnad. På www.skisporet.no kan du sjå når løypene er oppkøyrde. Laget er på Facebook. Laget har ein friviljug medlemskontingent på 350kr året. Du kan også støtte med Grasrotandelen om du spelar hjå Norsk tipping. Org.nr er 994 883 577.

Velkomen i løypene!

SMØRKLEPP GRENDELAG

Har framleis årleg årsfest med god mat og drikke, dei har og hatt lokal-guida toppturar til seist nemnte Russnuten. Laurdagskafén har vore fast i mange år no. Grendelaget ynskjer andre sambygdingar velkomne desse laurdagane. Du kan betale med Vipps. Haustens seiste kafé vart avslutta med skjøtekonkurranse som opplading til årets elgjakt! Huse kan leigast ut. Leiar i grendelaget er Lilly Slåtta



VINJE HANDVERKSLAG

Vinje handverkslag held til på Haugsæl. Her blir det arrangert temakveldar som er opne for alle, om handverk, halde kurs, medlemskveldar og drive handverksutsal både på Haugsæl og på Mjonøy om sommaren. Det er også mogleg å leige huset til ulike arrangement, alt frå barnedåp og andre private arrangement, til årsmøte i lag og organisasjonar. I påska og i desember er det handverksutsal på Haugsæl. Du kan finne ut meir om laget og det som skjer på heimesida www.vinjehandverkslag.no, og på Facebook. Laget ynskjer ny medlemmer hjarteleg velkomne!

Kontaktar: Bjørg Krossbakken og Sissel Granum

MOGANE GRENDELAG

Har hatt spitekveld fyste tysdag i månaden etter nytt år. Elles blir huset leigd ut til forskjellige arrangement.

BREIHJOT

Tysdagskjeringane som held til på Breihjot, møtest kvar tysdag til ein slag strikkekafé. Det har vore deira møteplass frå ca 1996. Det siste året har det vore 8-9 personar, men den siste tida berre 4-5, så det er plass til fleire. Det blir strikka og sauma ting kvar og ein vil laga, til den årlege basaren. Fin møteplass for utveksling av mønster og, ikkje minst, rø og kose seg over kaffikoppen.. Eit viktig tilbod for Bøgrend og omegn – fast kvar tysdag! Leiar i grendelaget er Ragnfrid Bakken.





Vinje-senteret

Framdrift for Vinje-senteret

Året 2018 tok til med tilsetting av dagleg leiar og etablering av førebels kontor på kommunehuset i Åmot. Med nytt kator og nyttilsett leiar på plass tok Vinje-senteret for dikting og journalistikk i januar over drifta av Litteraturdagane i Vinje etter medlemslaget Litteraturdagane i Vinje og formidlingsansvaret for Vinjestoga etter Vest-Telemark Museum. I samband med 200-årsjubileet til Aasmund Olavsson Vinje blei Vinjesenteret.no eit samlingspunkt og ein ressurs for feiringane lokalt og nasjonalt.

Det var med stor glede at Vinje-senteret i haust fekk beskjed frå Kulturminister Trine Skei Grande at Kulturdepartementet løyver 8,4 millionar og til bygginga av senteret. Vidare gjekk alle politikarane i partia på fylkestinget i Telemark (Ap, FrP, H, KrF, Sp, SV, V, MDG, Raudt) i hop om eit felles framlegg om 2 mill. til investering i bygg. Endeleg vedtak skjer i fylkestinget i veke 49. Det største løftet gjer Vinje kommune, der formannskapet tidlegare har løyvd 31 mill. til fullfinansering av bygget (i dette er dei 10,4 mill frå stat og fylke medrekna, i tillegg kjem mva-kompensasjon). Det er venta at kommunestyret gjer vedtak om dette i veke 50. Med desse løyvingane tek verkeleg arbeidet til. På den eine, godt synlege sida, kjem ombygginga av gamle Vinje skule. Vinje kommune er byggherre. Arkitektar er Hille og Strandskogen. På andre sida, som ikkje blir like synleg, tar utstillingsgruppa med Harald Stanghelle, Ingrid Sponheim, Kristian Lødemel Sandberg og Sigrun Høgetveit Berg til med planlegginga av basisutstillinga. Basisutstilling kjem til å vere kjerna av sjølvne innhaldet på Vinje-senteret. Dagleg leiar Kristian W. Rantala kjem til å leie arbeidet i utstillingsgruppa, og vere med i byggeprosessen. – Det blir viktig med ein raud tråd i alt vi gjer, og for meg er den raude tråden vinbyggjarane og Vinje-kulturen. Dette ønsker eg at ein skal sjå i både bygg og innhald, seier Rantala.

Vinje-senteret for dikting og journalistikk tok over Litteraturdagane i Vinje i januar 2018. Festivalen blei gjennomført 24.-26. august, med 2139 besøkande delt på 30 forskjellige arrangement i Vinje, Rauland, Åmot og Edland, i samarbeid med medlemslaget Litteraturdagane i Vinje og frivillige frå alle grendene. – Det var morosamt for meg som heilt ny å sjå at Vinjar fungerte så godt for eit stort publikum, både under jubileumsfeiringa i april og under Litteraturdagane i Vinje i august, fortel Rantala. Planlegginga av Litteraturdagane i Vinje 2019 er i gong, og smakebitar av programmet kjem på trykk i nummer 1 av *Dølen*, som blir distribuert i Vinje og omkransande kommunar i romjula.

Vinjestoga har vore open både under jubileumshelga og under Litteraturdagane i Vinje. Omvisarane Anne T. Romtveit og Rebecca Egeland har bemanna Vinjestoga gjennom utvida jubileumssesong frå juni til august. Vinjestoga har vore vitja av 984 betalande i sommar.

Vinje-senteret er ein avdeling under Nynorsk kultursentrum, saman med Hauge-senteret i Ulvik, Ivar Aasen-tunet i Ørsta og det digitale leksikonet Allkunne.no. Ottar Grepstad gjekk av som direktør for Nynorsk kultursentrum i november. Ny direktør er Per Magnus Finnanger Sandsmark, som tidlegare var redaktør for Allkunne og som vinbyggjarane sist såg som medhjelpar og foredragshaldar under Litteraturdagane i Vinje 2018.

Meir informasjon

Vinjesenteret.no

Kristian W. Rantala, dagleg leiar Vinje-senteret, tlf. 410 17 255



Vinje-senteret

